

Barnetoget

På 17. mai går mange barn i barnetog. Barnetoget går ofte i nærleiken av skulen, eller i byen der barna bur.

I barnetoget går skulane med flagg og faner. Barna syng og ropar hurra til alle dei går forbi. Korpsa spelar 17. mai-songar, og mange viftar med norske flagg.



Det første barnetoget var i Oslo i 1870. Toget vart arrangert av Bjørnstjerne Bjørnson. Han meinte at barna representerte framtid og håp. Difor ville han at 17. mai skulle vere barna sin dag.

I starten var det berre gutar som fekk gå i barnetog. Frå 1889 fekk også jentene vere med.

Etter kvart spreidde tradisjonen seg til resten av landet. Barnetoget vart ein fast del av 17. mai-feiringa.

I Oslo går barnetoget alltid forbi Slottet. Sidan 17. mai 1906 har den norske kongefamilien stått på balkongen og vinka til barnetoget.



Foto: Ernst Vikne – CC BY-SA 2.0

Spørsmål til teksten:

1. Når og kvar vart det første barnetoget arrangert?

2. Kvifor meinte Bjørnstjerne Bjørnson at 17. mai skulle vere barna sin dag?

3. Kvifor trur du det tok tid før jenter fekk vere med i barnetoget?

4. Synest du det er viktig å ta vare på slike tradisjonar? Kvifor?
